



BJØRN EGIL FLØ

Klassestrukturane i landbruket

ME HAR 5000 ÅR MED JORDBRUKSHISTORIE I DETTE LANDET,
MEN ALDRI HAR ME VEL HATT EIT HEILTIDSJORDBRUK. KANSKJE ER
DET PÅ TIDE Å REVITALISERE KOMBINASJONSBONDEN?

I heile oppveksten min stod far min i veitene. Frå han mönüstra av på 50-talet til først på 80-talet dyrka han jord. Fyrst på sitt eige bruk, og seinare på to nabobruk som han hadde langtids leigekontrakt på. Berre to gongar retta han ryggen, det eg kan hugse. Fyrste gong var i 1971, då tok han med seg dei tre yngste borna og reiste på bilferie i åtte fulle dagar. Og seinare, i 1981, då tok han med seg mor mi på ein tur til Trondelag, ein tur som enda i vassplaning og flatklemt høgresaide på den nye Passaten, som aldriv vart den same etter møtet med «Ørsta Stålindustri», for å bruke hans eiga nemning på autovernet han rende seg inn i.

I Trondelag møtte han fleire av dei profilerte aktørane i «bondeeliten». Dei han kjente frå avisene og som han inntil då hadde trudd på, han vitja dei på gardane deira og snakka gardsdrift og landbruk med dei, og han kjende seg meir og meir viss på at desse ikkje var hans like.

Under diskusjonane heime nemnde han ofte turen til Trondelag. Særleg når bror min – odelssonane – vart

gripen av optimisme og investeringsiver under gullåra i landbruket då fyrst på 80-talet ..., eller unntakstilstanden, som far min brukte å kalle desse få åra då det såg rett så godt ut for bøndene kringom i grendene.

THE DISAPPEARING MIDDLE

«Modellane deira gjeld ikkje her heime», sa han, og meinte at den røyndomen analysane var tufta på, og som igjen donna grunnlaget for råda bøndene fekk, gjaldt for eit anna landbruk enn det ein finn på ytre sore lutun av Sunnmøre.

«Me har gjort oss for store, men samstundes er me ikkje på langt nær store nok», sa far min. Og då visste ikkje eg, og neppe heller han sjølv, at han der og då hadde mykje av den same analysen som den då Cornell-baserte professoren i bygdesosiologi Fred H. Buttel. For omrent samstundes, i juni 1980⁰, presenterte Buttel fyrsteutkastet av det som etter kvartr skulle verte den vidgjetne artikkelen «The political economy of part-time farming», som kom på trykk i tidsskriftet

FAR MIN VAR NOK NEPPE DEN EINASTE SOM KJENDE PÅ UROA
OM AT UANSETT KOR STOR HAN GJORDE SEG, SÅ VILLE HAN IKKJE
GREIE Å HENGJE MED PÅ KAPPLØPET.

GeoJournal 4/1982². Buttel avdekte det me kan kalle klassestrukturane i landbrukssektoren. Dei same klassestrukturane som eg trur far min kjende på då han vitja stor-gardane i Trondelag. Etter å ha stått i veitene i 25 sam-full år, etter å ha tredobla storleiken på farsbruket, såg han at han enno var for liten til å klare seg, sam-stundes såg han at han også hadde gjort seg for stor til å klare seg. Far min var nok neppe den einaste som kjende på uroa om at uansett kor stor han gjorde seg, så ville han ikkje greie å henge med på kappløpet.

Uttrykket «the disappearing middle» som Buttel akademiserte og delvis også tok eigarskap til, hadde eksistert i fleire år før professoren bestemte seg for å forske på fenomenet. Sjølv uttrykket spelar, som namnet tilseier, nettopp på fenomenet der dei middels store amerikanske bruka såg ut til å forsvinne, sam-stundes med at talet på store og små bruk såg ut til å auke. Buttel sa sjølv i eit intervju ein gong at ideen om å forske på fenomenet kom nett av at han snakka med bønder som hevda at fenomenet eksisterte. Seinare prøvde han å finne vitskaplege arbeid som beskrev fenomenet, og oppdaga at det var knapt med slikt. Slik sett representerer også Buttel eit godt døme på korleis god forskning kan gjera. Han tok tak i eit fenomen som kvardagsmenneska, folk som verka og arbeidde i den verkelege verda, sjølv meinte å sjå, og han gjekk inn i fenomenet for å undersøke om eksistensen var reell. Han beskrev fenomenet og freista å kome opp med forklaringar på korleis fenomenet har oppstått.

NYKLASSISKE SKRIBEBORDSMODELLAR

No skal eg ikkje gjere eit stort poeng av at Buttel var sosiolog, medan det meste av det såkalla kunnskapsproduserande stotteapparatet å landbrukssektoren var og delvis også er dominert av agronomar og økonomar, men det er interessant når ein set seg ned og ser på det vitskapsteoretiske grunnlaget som ligg til grunn for den landbrukspolitiske utforminga. Ta til domes den økonomiske modelleringa. Dei aller fleste modellane i dag tek utgangspunkt i det som vert kalla nyklassisk

teori. Det er ein teori tufta på ideen om den perfekte marknaden – altså at alle veit kva alle gjør, og at ingen kan utøve marknadsmakt. Problemet er berre at slik har aldri marknaden vore. Verken marknaden for landbruksvarer eller nokon annan marknad, det eg veit.

I tillegg føreset teorien homogene varer – altså at ein ost er ein ost. Det er mogeleg me trudde det ei tid, for 80-talet ein gong, altså for me nordmenn begynte å simulere at me var franskmenn, og alle med respekt for seg sjølv kjøpte seg roterande ostefat og inviterte vennar på ost- og vinkveldar, som om me ikkje hadde annan mat. Men i dag veit me at det finst både eine og hin typen ost, og me meiner og trur at dei endåtill smakar ulikt.

Den kanskje mest alvorlege farene med dei nyklassiske føresetnadane er likevel ideen om at me menneske, altså i denne samanhengen bondene, er rasjonelle og ikkje handlar verken strategisk eller taktisk, og at alle er profitmaksimerande. Til det må eg berre seie at hadde det vore tilfelle, hadde dei vel neppe vore bønder.


No må eg likevel få presisere at eg på ingen måte avviser økonomiske modellar. Eg ser behovet for å for-enkle røyndommen gjennom modellar. Eg trur folk evnar å forstå det George Box og Norman Draper³ så tref-fande seier, nemleg at «All models are wrong, but some are useful» (Alle modellar er feil, men nokre er nyttelege). Men eg vil legge til at dei berre er nyttelege i særskilde situasjonar og samanhengar. Det eg er kritis-tisk til, er at modellane har ein så sterk posisjon, særlig når ingen av føresetnadane dei er tufta på, er reelle. Eg meiner; då er det kanskje ikkje så løye at ein ved hjelp av slike modellar kan få landbrukspolitikken til mesta alle politiske parti til å sjå rett så attraktiv ut.

ARBEID UTANFOR

Det Buttel gjorde, derimot, er mesta det motsette av det fleire av dei nyklassiske økonomane gjør. Han observerte kva som skjer, og så brukte han modellar og teoriar til å gi plausible forklaringar på det obser-verte fenomenet. Og det han meinte å finne, var at dei

Kor ofte norske bønder har vurdert å legge ned drifta på eigen gard i løpet av dei siste seks månadane.

Kjelde: Norsk senter for bygdeforskning:
Trender i Norsk landbruk 2014



middels store brukar i USA den tida såg ut til å vere dei som bukka under, medan dei minste og dei største greidde seg. Det var ikkje berre det at dei fall mellom to stolar som gjorde at dei tapte, det var ikkje berre det at dei ikkje nådde opp i konkurransen om å produsere billig nok i bulk, eller at dei var for store til å produsere kvalitetsvarer for spesialmarknaden. Like mykje var det at dei ikkje evna å konkurrere med bruk som kunne leige inn arbeidskraft og dermed halde arbeids-kostnadane per produsert eining låge nok til at ein kunne gå i pluss på den stadig meir globaliserte mat-varemarknaden. Men kanskje endå viktigare var det at metodene dei middels store brukar brukte for å møte dei stadig fallande inntektene, var å ta arbeid utanfor bruket. Og til forskjell fra dei minste brukar var dei middels store brukar for store til å kombinerast med anna arbeid. Arbeidsmengda gjorde at dagane ikkje strakk til om ein tillegg skulle vere nøyd til å gå på arbeid utanfor bruket, samstundes som ein skulle drive gardsbruk med

50 til 100 mjølkekyr. Med fire timer nattesøvn over tid kan gnisten gå ut av dei fleste ... og det gjorde han hjå den amerikanske gjennomsnittsbonden. Medan bondene på dei minste brukar hadde kombinert gardsarbeidet med anna arbeid lenge, og dermed også tilpassa både gardsdrifta og arbeidet utanom til ein berekraftig kombinasjon, var det uråd for dei som hadde freista å henge med på tredemolla, å brått skulle kombinere når dei såg at inntektene frå jord-bruket ikkje lenger heldt seg oppe på eit tilfredsstil-lande nivå. Den dei minste kombinasjonsbondene hadde tileigna seg både utdanning og arbeidskompe-tanen som kvalifiserte dei for godt betalte kombina-sjonsjobbar utanom bruket, hadde dei tidlegare full-tidsbøndene satsa alt på jordbruks- og samstundes diskvalifisert seg for posisjonar i arbeidslivet som også kasta av seg inntekter høge nok til at det monna som eit effektivt inntektstilskot til den jamt krym-pande jordbruksinntekta.

**DEI NYE BONDENE I USA GJER NETT DET MOTSETTE AV DET
ØKONOMANE I DET AMERIKANSKE LANDBRUKSDEPARTEMENTET
RÅR DEI TIL, DEI INSISTERER PÅ Å VERE SMÅ.**

BLI STØRRE – ELLER AVVIKLE

Der dei minste amerikanske kombinasjonsbondene representerte ei relativt stabil gruppe bønder, var dei mellomstore bøndene på veg. Dei var på veg inn eller ut av næringa, og dei strekte seg etter noko anna enn det dei hadde. Der dei minste kombinasjonsbondene hadde funne seg godt til rette med kombinasjonsdrifta, prøvde dei mellomstore å betre på det dei opplevde som ein uheldig situasjon. For svært mange av dei amerikanske gjennomsnittsbruka var strategien anten å vekse seg store eller å avvikle.

Nokre ville bygge seg opp til å verte endå større ved hjelp av kapital som dei søkte å skaffe seg ved å ta arbeid utanfor bruket. I ungdommeleg optimisme, driven av ei framtidstru aktivt formidla gjennom autoriserte forteljingar frå landbruksdepartementet og den amerikanske bondeeliten, krumma deinakken i måneskinet og vaks seg større. Dei var drivne av vona om å kome seg over kneika og skape eit levedyktig familiebruk for seg sjølv og arvingane sine.

Andre såg at dit kom dei aldri. Dei hadde prøvd så lenge det gjekk, men såg at dei ikkje evna å halde tritt med utviklinga. For nokre kunne det handle om ytre avgrensingar, at det rett og slett ikkje fanst areal nok i nærliken å ekspandere på. For andre kunne det handle om meir personlege avgrensingar, som at dei rett og slett ikkje hadde krefter att i den aldrande kroppen til å halde det gåande lengre. Dei hadde prøvd å supplere jordbruksinntekten med inntekter frå arbeid utanfor bruket så lenge vona fanst. Men ein dag forvirra vona, og fridomen dei ein gong trudde låg i jordbruket, vart no å finne i avviklinga.

VEKST I TALET PÅ SMÅBRUK

Det same gjeld for så vidt enno i USA. I perioden 1997 til 2007 høyde langt over halvparten av dei nedlagde brukta til kategorien «gjennomsnittsbruket» – bruk på mellom 700 og 1500 mål. Samstundes skjer det, kanskje overraskande for mange, ein vekst i talet på bruk i USA om dagen. I perioden 2000–2007 vaks talet på

bruk i USA med over 4 %, altså nær 100 000 bruk. Og dei fleste av dei nye brukna ligg på mellom 50 og 200 mål og er dermed langt mindre enn gjennomsnittsbruket⁴. Ein forskarkollega ved The University of New York kan fortelje meg at det i tillegg kjem til endå fleire bruk, bruk drivne av bønder som av politiske grunnar ikkje vil vere med i teljingane.

Veksten i talet på små bruk skjer stort sett over heile USA, men New England er, sett velk ifrå California og rikmannsområdet inn forbi San Fransisco, det absolutt viktigaste og også det mest interessante området sett med norske øyne. I kjølvatnet av «Back to the land»-bevegelsen på 70-talet, som hadde sin pubertet i hippiebyen Brattleboro i Vermont, har ein no vaska av seg tjallrusen og lagt kassegitaren på hylla og begynt å stå opp om morgonane. Dei har endeleg klart å kome seg ut på åkranne, og kombinerer no kunnskapsbasert agronomi med produksjon av høgkvalitets landbruksprodukt og kloktig organisering av distribusjons- og foreldlingsarbeid.⁵

Ny-samvirke og marknadsnettverk er det nye mantraet, og forteljingane dei fortel, er til forveksling like dei våre eigne seniorbønder fortel om framveksten av det heimlege bondesamvirket. Det er ein antreaksjon – ikkje ein positiv respons på verkemiddel – men ein motreaksjon mot det dei opplever som maktutøving frå det etablerte marknads- og distribusjonsystemet som dominerer landbrukssektoren i USA. Dei nye bøndene i USA gjør nett det motsette av det økonomane i det amerikanske landbruksdepartementet rår dei til, dei insisterer på å vere små.

Dei vil ikkje vekse seg større enn at dei framleis er små nok til å overleve, for dei veit dei aldri kan skaffe seg kapital nok til å bli så store at dei kan overleve. Derfor gjør dei det bønder har gjort i tusenvis av år; dei kombinerer. Dei hentar inntektene sine frå eit stort mangfold av kjelder. Nokre skriv artiklar til tidsskrift og aviser mot eit skapleg honorar, nokre reviderer rekneskapar og gir råd til bønder og andre om godt føretakshushald, andre gjør førefallande arbeid i lokal-

**9 %
heiltids
familiejordbruk**

Knappe 9 % av norsk jordbruk kan seist å sortere under kategorien heiltids familiejordbruk, der heile familieinntekta kjem frå arbeid på garden.


**70 %
har arbeid utanom**

Nær 70 % av alle bøndene har arbeid utanom bruket.

30 %

Ser me på bondehushaldet samla har over 30 % meir enn halvparten av hushaldsinntekta frå arbeid utanom bruket.

Kjelde: Norsk senter for bygdaforskning:
Trender i Norsk landbruk 2014



ME MÅ KOME OSS UT AV DOGMA TIL SKRIVEBORDSØKONOMANE OM AT
STADIG INTENSIVERING, EFFEKTIVISERING OG PRODUKSJONSAUKE VIL FØRE
 OSS NÆRARE DEI POLITISKE MÅLA OM EIT BEREKRAFTIG LANDBRUK.

37 %

37 % meiner produksjonsauke er sannsynleg
på eige gardsbruk dei neste fem åra.

7 %

7 % seier at produksjonsnedgang er sannsynleg.

20 %

20 % seier at dei vil arbeide meir utanfor
garden medan 14 prosent seier at ektefelle/
sambuar vil gjøre det same.

22 %

22 % trur det er sannsynleg at gardsdrifta
blir lagt ned dei neste fem åra.

Kjelde: Norsk senter for bygdeforskning:
Trender i Norsk landbruk 2014



samfunnet, og kanskje går ein og annan innom den lokale bilverkstaden og hjelper til der når arbeidet hopar seg opp. Dei er fagleg dyktige over eit vidt spekter, og dei er etterspurde på arbeidsmarknaden. Men kjernen – det som driv dei – er dei timane dei kan få arbeide med jorda, og det å utvikle gode agronomiske metodar og levere produkt i toppklassa for ei stadig veksande middelklasse i den vestlege verda.

Slik sett stemmer det framleis, det Butteli såg, nemleg at det er mogelegeheta til å kombinere landbruk med anna arbeid som ligg til grunn for at dei små bruka enno finst i USA, ja faktisk også veks i talet. Og det er ikkje nauda som driv dei. Til forskjell frå dei middels store bøndene kombinerer ikkje dei minste kombinasjonsbøndene gardsarbeidet med anna arbeid einast fordi dei må, men like mykje fordi dei finn kombinasjonen givande.

Dei er ressurssterke, og dei kjenner verdien sin på arbeidsmarknaden, dei veit å skaffe seg gode inntekter og fleksible ordningar som også set dei i stand til å legge naudsynt energi i arbeidet på småbruka.

OPPSKALERING OG DOXA

Kvifor fortel eg dette no? Eg fortel det for å tydeleggjere at den som drøymer om at ein kan oppnå eit berekraftig landbruk einast gjennom ei solid oppskalering av bruksstørleiken, ikkje må sjå seg blind på berre denne eine veggen. Å skape eit berekraftig landbruk er vanskelegare enn som så, og sjansane for å lykkast forvirrar meir og meir for kvar dag som går og kanskje også for kvar ekstra ku ein leier inn i fjoset. I alle fall i delar av landet.

Det er på høg tid at landbrukspolitikarane i verda innsjer at landbruket har langt fleire møtepunkt med både sosial- og velferdspolitikken og med tryggingspolitikken enn han har med nærings-, industri- og handelspolitikkene. Me må kome oss ut av dogma til skrivebordsøkonomane om at stadig intensivering, effektivisering og produksjonsauke vil føre oss nærare dei politiske måla om eit berekraftig landbruk. Kan-

SJØLV BONDELAGET OG TIL OG MED
SMÅBRUKARLAGET ERKJENNER – OM ENN NOKO MOTVILLIG
– AT STRUKTURASJONALISERING MÅ TIL.

jordbrukspolitikk – om det i det heile går an å snakke om vinnerar i ei så til dei grader marginalisert næring – er Trøndelag, Jæren og låglandet austafør. Det er interessant å merke seg at dette er relativt omforeinete endringar. Det er endringar framforhandla innanfor rammene av eit legitimt forhandlingssystem.

Me ser ei omlegging til ein stadig meir kraftfør-avhengig produksjon. Ei omlegging som gjer både næring og nasjonen sårbar. Sårbar, ikkje berre for klimaendringar og uføreseielege prisar på det importerte kraftføret, men også fordi det på lengre sikt vil svekke legitimiteten til eit samla norsk landbruk. Om utviklinga mot ein jamt meir intensivert husdyrproduksjon held fram, trur eg me smart får oppslag i media som fortel om ein brutal landbruksindustri, oppslag som kjem til å skade heile landbruket. Det vil svekke folk sin vilje til å betale for landbruket over skattesetelen, og ja, eg vil sei det slik at det endå til bør svekke den viljen. For kva skal me med den typen landbruk? Kva verdi har den typen landbruk for fellesskapet? Så lenge landbruket kostar oss 15 milliardar i året, er ein avhengig av skattekombinasjonsviljen – landbruket må leve det det lover.

Går ein inn på argumenta og sjølve argumentasjonsmåten, vil ein sjå at ein er med på å skape ein konsensus om nett den same landbrukspolitikken som ein kritiserer, ein konsensus om ideen om at landbruket må givast midlar til investeringar og utvikling av bruket med tilhøyrande effektivisering og produksjonsauke. Problemet er berre at den ideen i beste fall kan kallast naiv.

FÆRRE OG STØRRE BRUK

Norske bønder har ein lei tendens til å sjå på sin eigen situasjon som meir solid enn naboen sin. Når bondelagsleiarane kringom i landet krev friske pengar på bordet, veit dei at det einast vil leie til endå ei om dreiling av strukturraliseringsskruen – men på individivnået satsar kvar og ein på at dei står om naboen stuper.

Observasjonen som far min gjorde på trøndelags-turen sin, held seg oppe den dag i dag. Det er ikkje den marginaliserte fjordbonden med 70 brattlendte mål som utformar landbrukspolitikken – sjølv om det er han som har prega visualiseringa av norsk landbruk. Og spora av det let seg lese i landbruksstatistikken. Me flyt stadig i retning færre og større bruk, noko mellom anna endringane i produksjonstilskota har stimulert til, saman med den liberaliserte omsetninga av mjølkekvotar. Me ser ei konsentrering og ei sentralisering av jordbruksproduksjonen vår. Der vinnarane i dagens

REVITALISER KOMBINASJONSBONDEN

For nokre år sidan sat eg og snakka med ein tidlegare arbeidskollega frå då eg gjekk som skipselektrikar på verftet heime på Sunnmøre. Han minnte meg om eit «juleportrett-intervju» som lokalavisa der laga med ein av industrigründerane våre. Det var ein gong tidleg på 70-talet, like i kjølvetnet av at skipsverfta på Sunnmøre hadde inntekte leia i supplybåtmarknaden. Der sat han, verftshovdingen, og takka den sunnmørskje bonden for å ha hjelpt han med å bygge opp eit av dei mest solide industriksamfunna i landet. Ei liknande utsegn kom også mobelhovdingen inne på Ekorneset med nokre år seinare, og det er ikkje lenge sidan eg snakka med ein entreprenør på Fosen i Trøndelag som ytra seg i same lei.

Det var nokre sentrale eigenskapar ved bonden dei alle trekte fram. Det første var arbeidskapasitet, bøn-

KOMBINASJONSBrukET VAR MESTA SOM EIT
SKJELLSORD Å REKNE FOR BONDEELITEN.

dene har høg arbeidsmoral og brei praktisk røynsle. Dei er vane med å måtte løye utfordringar som oppstår i arbeidssituasjonen, og dei kan det å arbeide sjølvstendig. Det andre dei trekte fram, var at bondene tenderer til å ha eit pragmatisk forhold til fagrorsla. Ikkje berre er dei vane med å arbeide 1. mai, men like mykje gjeld det at fagrorsla sin ivrig kamp mot fleksibilitet i arbeidslivet ikkje alltid treffer denne typen arbeidstakarar like godt. Det fører oss også over på den tredje eigenskapen dei gjerne trekte fram, nemleg: fleksibilitet. Bonden var fleksibel, han var like glad då han fekk beskjed om å ikkje komme på arbeid som då han fekk beskjed om å komme. Han såg på permittering mesta som ei kjærkomen frikt som gav han hove til å få unna noko av arbeidet på bruket. Til gjengjeld fekk han mogelegheit til å gå lange dagar med overtidsstillegg når nordavinden gnall kring øyro og fortalte at det var vinter.

Her låg det kanskje ei spire til at me i dag kunne hatt eit sunt og friskt landbruk med velskjøtta kombinasjonsbruk langsmed skipsleia på ytre søre Sunnmøre, men slik gjekk det ikkje. For industrieigarane gjengjelde aldri bonden sin fleksibilitet. Han gjengjelde aldri bonden sin vilje til å stå lange dagar for å ferdigstille skipa til leveringsdatoen, han gav ikkje bonden rett til å ta fri under slått og sanking utan etterhald. Dermed vart det for tungt å kombinere gardsarbeidet med arbeidet som royrleggar eller maskinarbeidar på verftet.

Det var ingen som stod saman med kombinasjonsbonden og kravde at verftseigarane skulle gjengjelde den fleksibiliteten bonden ytte, til det var bonden sine flaglag alftor opptekne av å sikre vekstvilkåra for det dei såg på som idealbonden – heiltidsbonden. For kombinasjonsbruket var mesta som eit skjellsord å rekne for bondeeliten. Til liks med observasjonane Buttel gjorde i USA, såg også den norske bondeeliten på kombinasjonsbruket som eit avviklingsbruk, dei såg på kombinasjonsbonden som ein uekte bonde som var i ferd med å orientere seg ut av landbruket. Dei verken

såg, eller ville sjå, den kampen han kjempa, den jobben han gjorde og den funksjonen han fylte ved nettopp å halde fram i næringa. Snarare stod dei ved byttesteinane og silka på jorda og vona at dei ein dag kunne få legge henne under seg i sin vitlause kamp etter sjølve å bli større. For det var heiltidsbruket som gjaldt for bondeeliten som drøynde om eit jordbruk der familien skulle hente heile inntekta si frå jordbruket.

EIT ATTREIST KOMBINASJONSBruk

Me har 5000 år med jordbruks historie i dette landet, men aldri har me vel hatt eit heiltidsjordbruk. Bonden har alltid kombinert jordbruket med anna arbeid, han har veida og fiska, han har vore i skogen og på ishavet, han har stått ved smelteommane, og han har revidert rekneskap. Men denne historia og denne praksisen har aldri vore anerkjent. I staden har idealet vore stadig større bruk, og trass mekanisering og produktivitetsauke har bondevelferda relativt sett vorte ringare og ringare.

Fylgje Norsk senter for bygdeforskning si eiga undersøking «Trender i Norsk landbruk 2014» ser me at nær 70 % av alle bondene har arbeid utanom bruket. Ser me på bondehusdelen samla har over 30 % meir enn halvparten av hushaldsinntekta frå arbeid utanom bruket. Berre knappe 9 % av norsk jordbruk kan seist å sortere under kategorien *heiltids familiejordbruk* – der heile familiens inntekt kjem frå arbeid på garden.

Kanskje er det på tide at landbruskpolitikken tek inn over seg den røyndomen og byrjar arbeide for å finne måtar å få til berekraftige ordningar for at bønder og bondehushalda kan halde fram denne kombinasjonen. For me treng kvar bonde me har i dag, me treng å gjere kvardagen leveleg for alle kombinasjonsbøndene som i dag held vedlike matjorda kringom i grendene og sikrar at kompetansen om å produsere mat i marginale jordbruksområde vert vidareført til framtidige generasjoner. Skal me møte utfordringane i jordbruks- og matvaresystema, lyt me syte for at matproduksjonen også held fram langs vestlandskysten, i fjellbygdene, i

I HUSDYRPRODUKSJONEN TRENG ME KREATIVE
LØYSINGAR FOR SMÅ SAMDRIFTER.

Nordland, Troms og Finnmark og i alle områda der me i dag ser fråfallet av jordbruksareal er størst.

Kanskje er det på tide å revitalisere kombinasjonsbonden. Kanskje bør faglaga, altså Norges Bondelag og Småbrukarlaget, begynne å lese seg opp på fagforeningsarbeid. For det bøndene treng no, er at bondeeliten anerkjenner kombinasjonsbonden som ein fullverdig bonde. Han treng lovfesta rettar til fleksibilitet i arbeidslivet. Bonden treng rett til å ta seg fri frå arbeid under sanking, slått og lamming. Han må ha rett til å kunne stikke på timen om ei ku vert sjuk. Han må ha rett til å drøye ein time eller to medan han ventar på at dyretransporten skal få lasta opp. Han må ha lovfestat rettar til å kunne seie til arbeidsgivaren sin eitt år at «... du, eg treng fjorten dagar – tre veker – for å ta opp at eit gjennlegg og få orden på grøftene mine». Me treng med andre ord å leite etter ordningar tilpassa eit moderne kombinasjonsbruk – me treng å finne løysingar både arbeidsgivar og arbeidstakar og for den del heile samfunnet kan sjå seg tente med. Til liks med arbeidet med å utforme ein familiepolitikk på 70-talet, som opna dørene for eit moderne familieliv der både mor og far kunne delta i det produktive arbeidslivet, treng me no å arbeide fram ein landbrukspolitikk som ivaretak kombinasjonsbonden sine behov.

Kanskje er det på tide å tone ned ideen om at den einaste rette kombinasjonen er når ein kombinerer aktivitetar på bruket. Altså at det liksom skal vere så moralsk mykje betre for landbruket at ein driv som underbetalar turistvert heller enn at ein søker seg arbeid som maskinkøyrar for ein entreprenør mot ei skapleg løn. I husdyrproduksjonen treng me kreative løysingar for små samdrifter – og då meiner eg små samdrifter – 15 kyr og 45 vinterföra sau, fordelt på eit par–tre bønder som kan veksle på fjøsarbeidet. På den måten har bonden fri frå fjøsen i to veker og er på ei veke. Det vert leveleg, sjølv den veka ein er på, eg meiner 15 kyr og 45 sau er ikkje all verda, det er gjort på nokre timar om ein legg opp arbeidet nokolunde rasjonelt. I tillegg treng me nye og lettare husdyrrasar

som toler bratt lende, vått og kaldt ver og som beitar betre. Me treng å etterstreve ein tilnærma kraftføreri husdyrproduksjon, og me treng agrotekniske løysingar for små og mest mogeleg utegåande besetningar.

Det hastar med å gjøre dette – for etter kvart som bruks vert større og bøndene vert færre, minkar også mogelegheitene for å kunne kombinere. ●

NOTAR

- 1 Buttel, Fred. H. 1980. The political economy of agriculture in advanced industrial societies: some observations from the United States. Innlegg presentert på konferansen The annual meeting of the Canadian Sociology and Anthropology Association, June 1980, Montreal, Canada.
- 2 Buttel, Fred. H. 1982. The political economy of part-time farming. *GeoJournal* 6 (4):293–300.
- 3 Box, George E.P., og Norman R. Draper. 1987. *Empirical Model-Building and Response Surfaces*. John Wiley & Sons, USA.
- 4 USDA & NASS. 2009. *2007 Census of Agriculture*, United States, Summary and State Data.
- 5 Hewitt, Ben. 2009. *The Town that Food Saved. How one community found vitality in local food*. Rodale, New York, NY.
- 6 Den franske sosiologen Pierre Bourdieu nyttar omgrepene doxa eller «det doksiske felt» for å skildre dei sidene ved kultur og samfunn som folk flest tek for gitt, som dei ikkje finn grunn til å stille spørsmål ved. Pierre Bourdieu. 1977. *Outline of a theory of practice*. Cambridge University Press. Cambridge.

